

ULLENSVANG

Strategisk næringsplan 2022-2024



Justert i medhald av kommunestyrevedtak 015/22 den 23.02.2022



2022-2024	0
Innleiing	1
Samandrag	2
Målgrupper for næringsplanen	2
Samskaping som utgangspunkt for næringsplan	3
Overordna føringar	3
Kommuneplanen	3
Måla i kommuneplanen	3
Prosess	4
Medverknad	4
Oppsummering og vegen vidare	5
Næringsplanen sin handlingsdel	5
Oppfølging av strategisk næringsplan	5





Innleiing

Næringsplanen har som føremål å skape tydelege og forutseielege rammer for næringsdrivande som ønsker å etablera og utvikla næring i Ullensvang. Den skal skildre prioriterte initiativ og kommunen sitt ansvar for å sikra utvikling av næringslivet i Ullensvang. Næringsplanen er ein temaplan, og blir ikkje handsama etter plan- og bygningslova.

Ullensvang kommune skal vera ein livskraftig og attraktiv kommune i Hardanger. Ullensvang kommune skal vera ein attraktiv stad å bu, arbeida og starta næringsverksemd. Her er fjord, fjell, fonn, frukt, landbruk, havbruk og verdsleiande industri i ein og same kommune.

Med lange tradisjonar for å utnytte naturgjevne ressursar, skaparglede og framtidstru, skal Ullensvang vera regionen sin føretrakne kommune for å etablera og vidareutvikla eit næringsliv som er framtidsretta og bærekraftig.

Samandrag

Strategiane frå kommuneplanen sin samfunnsdel legg føringar for korleis kommunen skal oppnå måla sine. Dei har ein medium tidshorisont på 4 år, dvs ein kommunestyreperiode. Ved kvart nye kommunestyre skal det gjerast ei vurdering av strategiane og deira effekt. Kvart nye kommunestyre skal utarbeide eigne strategiar basert på dei langsiktige måla og viljen til dei folkevalde. Strategiane er knytt til kommuneplanen sin handlingsdel. Strategisk næringsplan vil bli justert i samsvar med dette.

Tiltaka skal vere i samsvar med ein eller fleire strategiar. Strategisk næringsplan sin handlingsdel er omtalt i dette dokumentet.

Målgrupper for næringsplanen

Generelt sett er det politikarane si oppgåve å ta diskusjonar og vedtak på eit strategisk nivå, medan rådmann ivaretar detaljar og er utførande part for gjennomføring.

Kommunestyret: Næringsplanen er kommunestyret sitt styringsverktøy, der dei prioriterar og gjer kommunen sin innsats synleg, for å sikre god næringsutvikling over tid.

Kommuneadministrasjonen: Rådmann skal bruke næringsplanen som langsiktig tingingsdokument og grunnlag for handlingsplanar og prioriteringar.





Næringsverksemd: Næringsplanen skal gje private verksemdar grunnlag for å forstå kva dei kan forventa frå kommunalt hald.

Andre: Næringsplanen skal gje offentlege verksemdar, utviklingselskap og bransjeorganisasjonar grunnlag for å forstå kva dei kan forventa frå kommunalt hald. Næringsplanen skal fungere som langsiktig tingingsdokument og grunnlag for handlingsplanar og prioriteringar.

I utgangspunktet er det lagt til grunn at landbruk på grunn av sin omfattande struktur og særstilling i kommunen blir handsama i eigen plan. Ulike bransjar er i ein del saker samankopla, og slik sett vil nokre av strategiane og tiltaka i strategisk næringsplan ha landbruksrelevans. Det kan òg vera aktuelt at landbruksplanen utviklast i lag med strategisk næringsplan ved neste rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel, då truleg i 2024.

Samskaping som utgangspunkt for næringsplan

Samskaping er eit nøkkelbegrep i framtidig organisering av norske kommunar. Det handlar om å finne nye måtar å samarbeide på når vi skal løyse samfunnsutfordringar i åra framover. Det handlar om å erkjenne at kommunen ikkje har eit eineansvar, men legg til rette for og har ei rolle i korleis samarbeid med innbyggjarar, frivilligheita og næringslivet fungerer. Dette er kjernen i det som kallast Kommune 3.0. I praksis betyr dette at ein næringsplan må utarbeidast i tett samarbeid med innbyggjarar og næringsliv.

Tiltak må forutsette ei sterk inkludering og samspelsforpliktingar frå alle aktørar; kommunestyret, kommuneadministrasjonen, utviklingselskap, bransjeorganisasjonane og næringsliv og anna offentlig verksemd.

Overordna føringar

Kommuneplanen

Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) sine mål og strategiar grip inn i næringslivet og deira aktivitet. KPS har tilrettelegging for næringslivet som ein av tre grunnpilarar. Dette kjem tydeleg fram i måla og dei strategiane som har størst innverknad på næringslivet. Strategiane skal gjelda for perioden 2020-2024, og reviderast i samband med planstrategien for perioden 2024-2028.





Måla i kommuneplanen

I Ullensvang 2032:

- er BEREKRAFT GRUNNLEGGJANDE
- er kommunen ein AKTIV TILRETTELEGGJAR og PÅDRIVAR
- er friluftsliv, mat og kultur frå Ullensvang VERDSKJEND
- er LKR-sentra ATTRAKTIVE stader å bu, leve og arbeide for ALLE
- har me LEVANDE bygder og STERKE sentrum i UTVIKLING
- er turismen POSITIV
- er kultur-, idretts- og reiselivet INKLUDERANDE
- har me AKSEPTABEL INFRASTRUKTUR
- er næringslivet i UNIKT, ALLSIDIG og AKTIVT

Prosess

I kommuneplanen er strategiane bestemt, og vidare arbeid blir med dette tufta på kva som konkret er mogleg å gjera, og kva tiltak og satsingsområde som støtter opp under desse strategiane. Ullensvang kommune har stått for arbeidet med å bygge innsikt i problemstillinga. Det har i dette arbeidet blitt lagt stor vekt på å få innspill frå kommunen sitt næringsliv, kommunen og andre relevante kjelder.

Arbeidet og innhald i planen er basert på dei statistikkar, rapportar og overordna dokument som er førande for kommuneplanen sin samfunnsdel.

Medverknad

I samband med utarbeing av kommuneplanen sin samfunnsdel vart det gjennomført ein brei medverknadsprosess, der næringslivet tidleg vart invitert til å kome med innspel.

Det er gjennom innspelsperioden blitt informert om at kommunen ynskjer innspel på tiltak. Dette er gjort gjennom ulike møter, via bransjeorganisasjonane sitt nettverk, på kommunen si heimeside og i lokalavis som intervju og annonse.

Med utgangspunkt i kommuneplanen sin samfunnsdel skal prosessen med strategisk næringsplan sikre medverknad frå lokalt næringsliv. Dette gjerast med at lokale næringsaktørar bidreg med å koma med tiltak. Tiltaka blir sortert inn under dei strategiane der dei hører heime.





Oppsummering og vegen vidare

Ullensvang kommune skal kunne bidra til systematisk utvikling av sitt næringsliv. Tiltaka i dette dokumentet er viktige forutsetningar for dette. Næringslivet har ansvaret for eiga verksemd. Kommunen skal bidra med infrastruktur og tilrettelegging av tilhøva som gjer Ullensvang til ein attraktiv og god stad å driva næring.

Fleire tiltak vil ha plan- og budsjettmessige konsekvensar og må difor handterast som del av kommunen sitt øvrige planarbeid inn imot kommuneplan og budsjettprosess.

Næringsplanen sin handlingsdel

Tiltaka følger som vedlegg.

Oppfølging av strategisk næringsplan

- Nærings sjefen i kommunen skal ha oversikt over prioriterte tiltak.
- Dei prioriterte tiltaka skal vere førande for næringsarbeidet som vert utført i kommunal regi.
- Prioriterte tiltak skal følgjast opp av dei kommunale verksemdene/avdelingane som har fått ansvaret gjennom handlingsplanen.
- Prioriterte tiltak skal vidareførast inn i anna planarbeid, der det er aktuelt. Planavdelinga skal sikre koordinering av vidare planarbeid.
- Midlar avsett til oppfølging av strategisk næringsplan skal nyttast til prioriterte tiltak.
- Rådmannen rapporterer kvart halvår på status for prioriterte tiltak til politisk utval.

	Strategisk næringsplan - handlingsdel 2022 - 2024		
	Ullensvang kommune		
	Innhald og struktur		
	Under kvart mål står dei strategiane som er relevante for planen. Under desse strategiane står dei tiltaka som skal gjennomførast i planpreioden.		
	Strategiane kalla andre tiltak er ein sekkepost for dei tiltaka som fell inn under det enkelte mål, men ikkje har ein høveleg strategi.		
	Berekraftsindikatorar vektar tiltaka sin effekt på miljø-, sosiale- og økonomiske tilhøve. Vurderinga er grovmaska, og enkelte tiltak vil krevje grundigare utgreiing. Alle tiltak vurderast med pluss og minus.		
	Forklaringar		
	Berekraftsindikator		
	Ein berekraftsindikator syner kva aspekt ved berekraftsomgrepet som er relevant for det enkelte tiltaket. Det er kun dei prioriterte tiltaka som har ei berekraftsvurdering		
	Økonomisk	ØKO	
	Miljø	MIL	
	Sosial	SOS	
	Kvar av desse er delt inn i fem kategoriar, sterk og svak negativ verknad, nøytral og sterk og svak positiv verknad.		
	Sterk negativ	--	
	Svak negativ	-	
	Nøytral		
	Svak positiv	+	
	Sterk positiv	++	

Kommuneplanen sin samfunnsdel Ullensvang 2020 - 2032			
Strategisk Næringsplan 2022 - 2024			
			Prioriterte tiltak
Mål 1: Berekraft er grunnleggjande			9
Mål 2: Kommunen er ein aktiv tilretteleggjar og pådrivar			18
Mål 3: Friluftsliv, mat og kultur er verdskjend			11
Mål 4: LKR-sentra er attraktive stader å bu, leva og arbeida for alle			6
Mål 5: Har me levande bygder og sterke sentrum i utvikling			2
Mål 6: Er turismen positiv			17
Mål 7: Er kultur-, idretts-, og reiselivet inkluderande			0
Mål 8: Har me akseptabel infrastruktur			10
Mål 9: Er næringslivet unikt, allsidig og aktivt			13
			86

Mål 1: BEREKRAFT er GRUNNLEGGJANDE

	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
	1a: Klimaplan for Ullensvang kommune						
	Utvikle klimaplan	Lokalt	KNS		++		
	1b: Hydrogensatsing						
	Utvikle Hardanger Hydrogen Hub	Nasjonalt	3.0 KNS privat		++	+	++
	Følge opp Hydrogenvegen	Nasjonalt	POL				
	1c: Biogassanlegg						
	Etablere biogassanlegg	Regionalt	Privat		++	+	+
	Oppfølging forprosjekt Biogassanlegg	Regionalt	KNS				
	1d: Fortette i etablerte sentrum						
	Leggja til rette for bustadbygging i etablerte sentrum	Regionalt	KNS	Sterkere fokus på tilrettelegging for bustadbygging.	+	+	
	1h: Verksemder som satsar på sosial berekraft						
	Ullensvang kommune skal prioritera å nytte verksemder som satsar på sosial berekraft.	Lokalt	Rådmann	Gjeld offentlege anskaffingar	+	+	
	1i: Oppgradering av vasskrafta						
	Reforhandling av konsesjonsvilkår for betre unytting av eksisterande kraftutbyggingar	Regionalt	Rådmann og POL		+		+
	1å: Andre tiltak						

Mål 1: BEREKRAFT er GRUNNLEGGJANDE							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
	Sikra stor lokal tilgang på vasskraft	Nasjonalt	POL	Arbeide hardt for å sikra tilstrekkeleg tilgang på kraft og at den ikkje blir sendt ut av regionen for vidareforedling. Ullensvang kommune skal ikkje vere ein råvareprodusent.	+		+++

Mål 2 Ullensvang kommune er ein **AKTIV TILRETTELEGGJAR** og **PÅDRIVAR**

	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
2a: Halde på og trekkje til seg nye statlege arbeidsplassar							
	Utvikla Odda sjukehus.	Regionalt	POL	Sjå til nasjonal helseplan			
	Statens hus i regionsenteret	Nasjonalt	POL	Arbeide politisk på regionalt nivå for å sikre Innovasjon norge og fylkestilsette ut i distrikta Regionalt		+	+
	Nasjonalt senter for distriktsrekruttering	Nasjonalt	POL	Kompetansesenter for rekruttering til distrikta.		+	+
	Nasjonal høgskule for prosessindustri i Hardanger/Sunnhordland	Nasjonalt	POL	Etablere nasjonal høgskule for prosessindustri. Prosessindustrien har stort behov for tilgang på ny kvalifisert arbeidskraft. Det er naturleg å leggje ein slik høgskule tett til industrimiljøa i indre vestland.		+	+
	Støtta opp under Næringshagen som fasilitator av desentralisert utdanning i regionen som samarbeider med andre næringshagar og næringsforeningar i regionen Hardanger, Voss og Kvinnherad.	Regionalt	Rådmann	Tiltaket inneber i realiteten å yte tilskot. Prosjektet omfattar allereie arbeid med «Nasjonal høgskule for prosessindustri i Hardanger/Sunnhordaland» og «Arbeida for industrifagskule saman med Boliden og TiZir».		+	+
	Arbeida for industrifagskule saman med Boliden og TiZir	regionalt	VGS og privat	Kombinerast med Nasjonal høgskule for prosessindustri		+	+
	Utviklie ein utdanningshub	regionalt	POL	Nasjonal høgskule for prosessindustri, desentralisert utdanning og industrifagskule utgjer ein utdanningshub		+	+
	Nasjonalt frukt- og sidersenter	Nasjonalt	NIBIO			+	+
2b: Gründerfond for oppstart av nye verksemder							
				Bør endre tekst ved rulling av samfunnsdel.			

Mål 2 Ullensvang kommune er ein AKTIV TILRETTELEGGJAR og PÅDRIVAR								
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi	
	Ullensvang næringsfond får årleg påfyll av kapital frå konsesjonsavgiftsfondet	Lokalt	Rådmann	Bidreg positivt i økonomien til mottakarar. Støtter gründerar innan prioriterte næringar i kommunen.			+	
	Utlasing og handsaming av søknader til Ullensvang næringsfond	Lokalt	KNS					
	Stimulere til ein lokal mentor/styrekandidatpool med utgangspunkt næringsorganiseringsmodellen i kommunen	lokalt	Privat					
	Vekst- og strategifondet får årleg påfyll	Lokalt	Rådmann				+	
2d: Klare næringsstomter til ulike verksemdar								
	Kartlegging av tilgjengelege næringsareal	Alle nivå	KNS	Analyse er ein del av KPA.				
	Tilrettelegging av næringsareal	Alle nivå	Teknikk og miljø og Privat	Som ein del av KPA. Sikre areal på ulike nivå frå mindre areal til Areal til Regional industriell arenaklynge			+	
2j: Ullensvang kommune skal arbeida for god samfunnstryggleik og beredskap i heile kommunen								
	Felles informasjonsmøter for deling av beredskapsplanar og gjera verksemdene trygge på prosess (Erfaring frå covid 19)	lokalt	Teknikk og miljø		+	+		
2k: Ullensvang kommune skal leggja til rette for mottak og integrering av flyktningar og arbeidsinnvandrar								
	Nye bustadar tilrettelagt større familiar	lokalt	Teknikk og miljø	Behov for investering i større bustadar slik at ein kan busette store familiar. Investering på TM, leige frå KNS.		+		

Mål 2 Ullensvang kommune er ein **AKTIV TILRETTELEGGJAR** og **PÅDRIVAR**

	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
	Språkopplæring	Lokalt	Arbeidsgivar	Jfr reglar for bruk av n. fond. Gjeld i første rekkje arbeidsinnvandrarar			
	Gode informasjonssider til potensielle tilflyttarar og faktiske tilflyttarar. Årleg tilflyttarkveld (vedteke) og godt samarbeid mellom kommune og næringsliv for å ta godt i mot nye innbyggjarar.	lokalt	Sentraladministrasjon og KNS			+	
2å: Andre tiltak							
	Kortare sakshandsamingstid	Lokalt	Rådmann				+
	Kommunen skal utarbeide handlingsretta rekrutteringsstrategi.	lokalt/regionalt	Rådmannen si leiargruppe	Strategien skal ha konkrete tiltak for korleis kommunen skal jobbe vidare, samt innehalde tiltak som kan vere positivt for den samla rekrutteringssituasjonen for næringslivet i kommunen, mellom anna ei rekrutteringsgruppe saman med næringslivet.		+	+
	Utrede rullerande barnehageopptak	Lokalt	Rådmann	Må vurderast i samband med rekrutteringsstrategi, budsjett og økonomiplan		+	

Mål 2 Ullensvang kommune er ein **AKTIV TILRETTELEGGJAR** og **PÅDRIVAR**

		Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
		Det skal utarbeidast ein landbruksplan			<p>Ullensvang kommune skal vera ein offensiv samarbeidspart for utvikling av landbruket.</p> <p>Ullensvang kommune består av mange små og mellomstore gardsbruk. Bransjen peikar på at desse bruka må løftast for at ein skal ivareta etterspurnaden i ein balansert marknad basert på norskprodusert mat.</p> <p>Ullensvang kommune vil lage ein landbruksplan med strategi for å ivareta husdyrgardar, fruktgardar og skogbruk.</p> <p>Ullensvang kommune skal ha ei fagavdeling og vil støtte opp om forskningsmiljø som NIBIO.</p> <p>Kommunalt fagmiljø som bistand til søknad og utarbeiding av driftsplan.</p> <p>Aktiv haldning til ivareta produksjonsareal og nydyrking.</p> <p>Økonomiske verkemidlar til investeringar gjennom næringsfond.</p>	+		+

Mål 3: friluftsliv, mat og kultur er VERDSKJEND							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
	3d: Utvikla friluftshovudstaden						
	Byggja på, forvalta og foredla merkevara Jondal - Nasjonalparklandsby	Regionalt	KNS	Viktige tiltak knytt til utvikling av friluftshovudstaden. Trolltunga AS kan bidra med kompetanse.	+	+	+
	Skoga langs stiar og gjera dei meir tilgjengelege	lokalt	privat/Teknikk og miljø	Viktige tiltak knytt til utvikling av friluftshovudstaden. Trolltunga AS kan bidra med kompetanse. Frivillige/vennelag bør nyttast der det er mogleg.	+	+	+
	Merka stiar	lokalt	Frivillige/KNS/UR	Viktige tiltak knytt til utvikling av friluftshovudstaden. Trolltunga AS kan bidra med kompetanse der det er ynskjeleg. Frivillige/vennelag bør nyttast der det er mogleg. Ullensvang Reiseliv (UR) kan invitere aktuelle aktørar til felles samling der alle deler kompetanse om stibygging.	+	+	+
	Grusa stiar og vegar til utkikkspunkt og gjera meir tilgjengeleg	lokalt	Frivillige/Teknikk og miljø	Viktige tiltak knytt til utvikling av friluftshovudstaden. Trolltunga AS kan bidra med kompetanse der det er ynskjeleg. Frivillige/vennelag bør nyttast der det er mogleg.	+	+	+
	Legge til rette for sykling i kommunen som stiar fra Haukeli til Kinsarvik og Jondal.	regionalt	KNS	Utvikle prosjekt for Nasjonal turistsykkelveg i samspel med Statens Vegvesen og VFK, evt. Vinje kommune.	+	+	+

Mål 3: friluftsliv, mat og kultur er VERDSKJEND							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
	Nasjonal Sykkelrute - Allmannavegen - Frå Fjell til Fjord.	nasjonal og internasjonal	KNS	Utvikle prosjekt for Nasjonal Sykkelrute. Samarbeid mellom kommunar og fylke på strekket Telemarkskanalen i Dalen (Tokke) - Haukeli (Vinje) - Røldal-Skare-Odda mv (Ullensvang). Organiserast som prosjekt i første omgang - forprosjekt 2022 - hovudprosjekt 2023 og vidare. Ein god del av traseen kan gå på den gamle "Allmannavegen". Kople på andre vegstrekk og kommunar (koplingsveggar/mateveggar) ut i prosjektet. Innarbeidast i KPA. Strekk Oddadalen og ut Sørfjorden vurderast i KPA.	+	+	++
	Vidareutvikla sykkelløype mellom Utne-Herand-Jondal FV550	nasjonal og internasjonal	KNS		+	+	+
	Gjera Friluftshovudstaden meir synleg på kommunen si heimeside og i Visit Ullensvang	lokalt og internasjonalt	KNS	Naturleg at kommunen har styringa, då innbyggjarfokuset står høgt og skal virke samlande for alle i heile kommunen.	+	+	+
3f: Oppretthalda satsinga på Odda som litterær by							
	Vidareføra Litteratursymposiet	nasjonalt	jf KST-015/22 vedtak er ikkje dette ei kommunal oppgåve	Viktigaste kultur og identitetsarrangement i kommunal regi. Stor aktivitet i lågsesong. Kommunen kan gi tilskot til festivalar som er viktige for kommunen sine innbyggjarar.		++	
3h: Ullensvang er med i Noregs Nasjonalparkkommunar							
	Følge opp medlemskapen	Nasjonalt	KNS	Dette er ein eigen prosess, som blir fulgt opp i et eige dokument.	+		
3i: Styrka lokale mattradisjonar							

Mål 3: friluftsliv, mat og kultur er VERDSKJEND							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
	Organisering av lokalmatprodusentar	Lokalt	KNS	Må konkretisere kva ein skal satse på. Bør etablere eit lokalmatprosjekt for å få fleire til å satsa på lokalmat.	+	+	+
	Hardanger Internasjonale Siderfest	Internasjonalt	Siderprodusentlaget	Mat er ein viktig ingrediens i festivalen, og skal etter planen vidareutviklast	+	++	++

Mål 4: LKR-senter er ATTRAKTIVE stader å bu, leve og jobbe for ALLE

	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
4c: Nye handelstilbud og kommunale tilbud innan kultur, oppvekst og helse skal lokalisert til LKR-senter (unntak for stadsknytta tilbo							
	Leik for barn og leikne vaksne i sentrumsområda	lokalt	Teknikk og miljø			+	+
4e: Universell utforming av sentrumsområda							
	Toalett	lokalt	Teknikk og miljø		+		
	Skilting for fotgjengarar. Infotavler etc.	lokalt	KNS og Teknikk og miljø		+		+
	Skiltplan for turistar i sentrumsområda	lokalt	KNS og Teknikk og miljø				+
4h: Mangfald av aktivitetar for ungdom i LKR-senter							
	Skape møteplasser i sentrum	lokalt	privat, KNS og TM			++	+
4å: Andre tiltak							
	"Ja det skal vi prøva å få til"-haldning i kommunen	lokalt	rådmann	Å finne ei løysing kan bety å måtte lage ein plan.	+	+	+

Mål 5: Me har LEVANDE bygder og STERKE sentrum i UTVIKLING							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
5e: Kommunal tilrettelegging skal skje i definerte sentrumsområde							
	Ungdomsforum for å få innspel frå ungdommen til kva som trengst	lokalt	Ungdomsrådet	ref innovasjonscamp aktivitetspark smelteverket		+	+
5å: Andre tiltak							
	Haldningsarbeid for fellesskap og samhald	lokalt	Ungdomsrådet	Splittingar, innanfor lokalsamfunn og mellom lokalsamfunna er skadeleg for distriktet. Vi treng eit haldingsskapande arbeid og ei sosial endring for å snu den vonde trenden i samfunnet. Toleranse og respekt, uansett politisk standpunkt eller meining, bør vere standarden i eit lite lokalsamfunn.		+	+

Mål 6: Turismen er POSITIV							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
6b: Sanitærfasilitetar og ordningar for avfallshandsaming skal vere gode og tilgjengelege							
	Spleiselag mellom kommune og næringsliv for å handtera boss/søppel og tilby toalett	lokalt	Teknikk og miljø		+		+
6c: Besøksforvaltning for viktige reisemål							
	Drift av turistinformasjon i Odda, Jondal, Kinsarvik og Røldal	regionalt	KNS	Drifta på dei ulike lokasjonane skal vurderast nærare. Vil tene lokalt næringsliv			+
	Rutiner på å sjekka at alt er i orden til turistsesongen	lokalt	Teknikk og miljø	Facility Managment (Eigedomsforvaltning)	+		+
	Lag reiselivsplan- eller strategi	regionalt	Visit Hardangerfjord	Utviklast av fagleg prosjektgruppe	+		+
6d: Satsing på etablerte reisemål							
	Landsbylos - Jondal	lokalt	KNS		+	+	+
	Samle små oppdrag/tiltak i ein sekkepost og bevilg litt større beløp til gjennomføring	lokalt	friluftshovudstad / Teknikk og Miljø	Er tilgjengeleg noko midlar for lag og org. som vil ruste opp turistmål i nærområdet. For kommunalt vedlikehald skal det meldast på "Meld ein feil".			+
	Vidareutvikle Glacier Road (Fonnavegen frå Jondal) Breforskning, is og snøproduksjon til skisenteret.	Internasjonalt	Landsbylos Teknikk og miljø KNS skisenter UiB	Samarbeid med fleire aktørar	++		++
6e: Aktivitet i heile kalenderåret							
	Golfbane i Røldal	lokalt	privat	Dette blir tatt med i sentrumsplan for Røldal	-	+	+

Mål 6: Turismen er POSITIV							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
	Nytta anleggsvegar med stiar mellom som sykkelvegar	Nasjonalt	KNS	Kan gå inn som eit lenger samanhengande sykkelvegnett. Frå Fjell til Fjord. Må vurderast i samanheng med Sykkellrute (Allmannavegen)	+		+
	Stimulere ressurspersonar og miljø til å dra igang nasjonale eller internasjonale event spesifikt for UK	nasjonalt og internasjonalt	KNS	Må utarbeide ein oversikt og plan for alle nasjonale og internasjonale arrangement i UK. Gjennomføring, transport, felles ressursar deling av kunnskap og erfaringar. Etablera td. Festivalforum		+	+
	Pendelbane til Rossnos	internasjonalt	Rådmann og POL	Under utgreiing	-	+	++
6f: Leggja til rette for sal av opplevingar knytt til fjorden							
	Siderbåt må vidareutviklast og sikrast kontinuitet	regionalt	Sidernæringa og transport-tilbydar			+	++
	Turistbåtruta på Hardangerfjorden må vidareutviklast og sikrast kontinuitet	regionalt	Hardanger-rådet	Ruta må støtte opp under vidareutvikling av aktivitetar i Ullensvang kommune		+	+
6g: Systematisert transport for turismen							
	Utvikle nye ruter for turisttransport. Opprette selskap for turisttransport.	regionalt	VH, UR, TT og TH - i samarbeid	Utvikle rutetilbod til/frå/gjennom Reiselivshub Odda til Fonna, Røldal, Kinsarvik mfl. Vurdera oppretting av selskap for turisttransport. I samarbeid med Visit Hardangerfjord, Ullensvang Reiseliv, Trolltunga AS og Taste Hardanger. Gjerne i samarbeid med etablerte transportørar. Må ha mål om miljøvenleg transport.			+

Mål 6: Turismen er POSITIV							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
	Opprettar felles bookingløsning for reiselivsverksemder i Hardanger. I samarbeid med Visit Hardangerfjord og Ullensvang reiseliv	regionalt	VH, UR, TT og TH - i samarbeid	I samarbeid med Visit Hardangerfjord, Ullensvang Reiseliv, Trolltunga AS og Taste Hardanger. Det er igangsatt eit eget prosjekt som Ullensvang Reiseliv leiar i samarbeid med VH, TT og TH. Konklusjon frå dette prosjektet vil peike ut aktuelle tiltak og ansvarsområde.			+
	Eit samarbeide mellom alle aktørane i shuttlebus/taxi markedet i Ullensvang, eller som eit minimum dei som trafikkerer same serverdigheit.	lokalt	privat				+
	Heilårs hurtigbåt på Hardangerfjorden	regionalt	POL				+

Mål 7: Kultur-, idrett- og reiselivet er INKLUDERANDE							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
	Tiltak og innspel til dette målet vert fanga opp av andre planarbeid eller drift						

Mål 8: Me har AKSEPTABEL INFRASTRUKTUR							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
	8a: Betre hamner i Odda			Odda må endrast til Ullensvang ved revisjon			
	Havnebruksplan	Regionalt	Teknikk og miljø	Gjeld heile Ullensvang kommune	+		++
	8b: Trygge og framkommelege vegar						
	Driva aktiv politisk og administrativ påverknad overfor stat og fylkeskommune angående vegtryggleik	lokalt	POL		+	+	+
	Vegen mellom Herand og Leite må oppgraderast til ein høgare klasse	lokalt	POL	Slik at det blir lovleg å køyra på den med større lastebilar og for gardbrukarane som fraktar fôr			+
	Utbetra vegstandard på FV550 (BK10 Jaglasvingen/Åsleitet - Mowi Herand)	lokalt	POL				+
	8c: Alle riks- og fylkesvegar i kommunen er framkommelege.						
	Driva aktiv politisk og administrativ påverknad overfor stat og fylkeskommune	nasjonalt	POL		+	+	+
	Holde trykket oppe på NTP for å byggja tunellen mellom Folgefonnstunellen og Jondalstunellen	Regionalt	POL		+	+	+
	Halda trykket oppe på NTP for å tryggja E134 og RV13	nasjonalt	POL				+
	8d: Tilpassa ferjetilbodet og utvide snøggbåttilbodet						
	Driva aktiv politisk og administrativ påverknad overfor stat og fylkeskommune	Regionalt	POL			+	+
	To ferjer Jondal-Tørvikbygd	Regionalt	POL			+	+
	8e: Alle husstandar skal ha tilgang til høghastighetsnett						
	Høghastighetsnett til næringsområder	lokalt	Rådmann			+	++

Mål 8: Me har AKSEPTABEL INFRASTRUKTUR							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
	Planar for «god» og sikker telefoni- og nettdekning i alle deler av kommunen.	lokalt	Rådmann	Mobildekninga og signalkvaliteten på nettet av varierende styrke og kvalitet. Utbygginga av fiberanlegget er berre delvis gjennomført i området. Ei «god» mobildekning og eit «godt nett» er avgjerande og viktig for at både privatpersonar og bedrifter skal fungere tilfredsstillande i det daglege.	+	+	++
	Høghastighetsnett til sentrumsområder		Rådmann/ Haugaland kraft	Wifi i sentrum		+	+
8f: Det skal utarbeidast ein Ullensvangpakke på samferdsel							
	Starte arbeidet med Ullensvangpakke gjennom å setje ned ein prosjektorganisasjon og fremje forprosjekt og sak til kommunestyret.	Regionalt	Rådmann		+	+	+
	Hordalandsdiagonalen	Regionalt	POL			+	++

Mål 9: Me har eit AKTIVT, UNIKT og ALLSIDIG næringsliv								
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi	
9a: Arbeidsplassar for dei som fell utanfor den vanlege arbeidsmarknaden								
	Følge opp Stride4stride	Regionalt	Hardangerrådet, NAV	EU-Erasmusprosjekt. Prosjektet inneheld mellom anna å rekruttere mennesker som står utanfor arbeidslivet. Gjeld personar som står i NAV-systemet. Hardangerrådet er leiar for Kompetanseforum Hardanger-Voss, som består av skule, næring, kommunar, næringshagar og NAV. Gjeld og NAV-prosjektet med CV-registrering		+		
	Informere kommunale verksemdsleiarar om HELT MED ordninga.	lokalt	Verksemdsleiarar	HELT MED er en ordning kommunen og næringslivet i kommunen bør kjenne til		++		
9b: Tilrettelegging for verksemdar som fyller nisjer som ikkje er i kommunen per i dag								
	Prioritere stønad til verksemdar som representerer nye tilbod i kommunen.	lokalt	KNS og fondsstyrene	Gjeld disponeringa av næringsfonda i kommunen			+	
9c: Generell promotering av verksemdar i Ullensvang								
	Auka lokalt innkjøp	Regionalt	Næringsråd og Rådmann		+	+	+	
	Positivt framsnakk	Nasjonalt	ALLE			+	+	
	Promotere det som skjer, framsnakka kvarandre og framsnakka til kvarandre	lokalt	ALLE			+	+	
9å: Andre tiltak								
	Nytte og påverke regionale planar og strategiar	regionalt	POL og Rådmann	For å betre lokale tilhøve. Handsame høyringar og ta del i grupper som utviklar slike planar.Vurdere tiltaket som strategi ved rullering av KPS:	++	++	++	

Mål 9: Me har eit AKTIVT, UNIKT og ALLSIDIG næringsliv							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
	First Lego League	lokalt	Oppvekst	First Lego League er verdens største teknologi og samarbeidskonkurranse rundt teknologi og innovasjon.		+	+
	Odda VGS må skilla seg ut. Posisjonerer seg med 2-3 aktuelle, attraktive og spanande tilbud.	Regionalt	Odda VGS			+	+
	Starte opp fellesprosjekt med formål om å legge tilrette for at Ullensvang kommune blir en utdanningskommune	Regionalt	Næringshagen	Bopel, aktivitetar, omdømme og marknadsføring. Kommune og fylke kan yte eventuelle tilskot til tiltaket Mange aktuelle samarbeidspartar, næringsråd, kommune, Odda VGS		+	+
	Lagring av farleg avfall	Nasjonalt	Rådmann og POL	Utgreie Nasjonalt deponi. På sikt er gjenvinning av farleg avfall naudsynt (kompetansesarbeidsplassar). Viktig å få fram konsekvensar av eit slikt potensielt tiltak, både negative og positive. Miljøkonsekvensane må utgreiast vidare og er satt til nøytral fram til dette er gjennomført			++
	Nasjonalt frukt- og sidersenter	nasjonalt	NIBIO	NIBIO			+
	Møteplass mellom kommune og bransjeorganisasjonane	lokalt	Næringsråd	Dersom næringsrådet skal ta ansvar for dette, vil det forutsette at næringsrådet har ressursar til å kunne gjennomføre.	+	+	+
	Møter mellom kommune, bransjeorg og høgare adm/politisk nivå	nasjonalt	POL		+	+	+
	Kommunen skal vera proaktiv og gå i dialog med eksisterande lokale verksemder. Kommunen skal vere aktiv og framoverlent og opprette kontakt	lokalt	Rådmann og POL	Eksisterande små og mellomstore verksemder i Ullensvang er særskilt viktige. Ullensvang kommune skal leggja til rette for å bevare, hjelpe, styrke og vidareutvikle desse.	+	+	+